

---

# DEI SKILDE BORNA

---

OM BARNEHAGEN SITT ANSVAR FOR VARETAKING  
AV BORN SOM OPPLEVER SAMLIVSBROT

HENRIETTE MÆLAND

BACHELOROPPGÅVE 2020

RUDOLF STEINERHØYSKOLEN I OSLO

BARNEHAGELÆRARUTDANNING

HEILTID 2017-2020

10 944 ORD

## INNHALDSLISTE

---

<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>3</b>
1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA OG PROBLEMSTILLING .....	3
1.2 OPPGÅVA SI OPPBYGNING OG AVGRENSING .....	4
1.3 OMGREPSAVKLARING .....	5
1.4 KORT PRESENTASJON AV LITTERATUR .....	5
1.5 KJELDESØKING .....	6
<b>2. SORGTEORI OG TILKNYTINGSTEORI</b> .....	<b>7</b>
2.1 KVA ER SORG? .....	7
2.2 TILKNYTING .....	7
2.3 Tilknytningsteori hos Donald Woods Winnicott.....	9
2.4 Tilknytningsteori hos John Bowlby.....	9
2.5 Tilknytningsteori hos Daniel Stern .....	10
2.6 Tilknytningsteori hos Allan N. Schore.....	11
2.7 Tilknytningsteori hos Peter Fonagy.....	11
2.8 KVIFOR ER GOD TILKNYTING VIKTIG? .....	12
<b>3. BARNET</b> .....	<b>13</b>
3.1 BORN 0 – 6 ÅR .....	14
3.2 SPEGLING.....	15
3.3 VAKSNE FOR HANDTERING AV KJENSLE.....	15
<b>4. KONSEKVENSAAR AV SAMLIVSBROT</b> .....	<b>16</b>
4.1 BARNEHAGEN TIL STØTTE OG HJELP .....	19
<b>5. RYTME I LYS AV STEINERPEDAGOGIKKEN</b> .....	<b>21</b>
<b>6. DRØFTING</b> .....	<b>23</b>
<b>7. AVSLUTNING</b> .....	<b>28</b>
7.1 KONKLUSJON.....	29
<b>8. KJELDER</b> .....	<b>30</b>

# 1. INNLEIING

---

## 1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA OG PROBLEMSTILLING

---

Kamilla på 2 år har endra åtferd i løpet av dei siste vekene. Kamilla har gått i frå å vere tilsynelatande trygg på dei vaksne og på dei andre borna på avdelinga, til å verte skeptisk og svært oppteken av å ha ein vaksen med seg heile tida. Avleveringssituasjonane har vorte vanskelegare - Kamilla vil ikkje la mamma eller pappa få gå. Ho har byrja å utagera og få raserianfall. Etter ei god stund, kjem det fram at foreldra til Kamilla har skilt lag. Mamma bur heime i huset og pappa har flytta ut. Ein dag eg hadde seinvakt i barnehagen, hadde Kamilla allereie kome då eg byrja. Kamilla vandra litt rundt på avdelinga og studerte dei andre borna, for så å setja seg i sofaen med kosekluten og tutten i munnen. Ei tilsett på avdelinga kjem og seier til Kamilla at ho ikkje får ha tutten og kosekluten, at dette er noko som skal liggja i hylla i garderober og tek det i frå ho. Kamilla vert i frå seg – hylar og gret.

Då denne episoden skjedde, hadde eg ikkje byrja studiane mine og hadde berre meg sjølv og egne erfaringar å relatera til, eg var assistent i barnehagen og hadde ingen kunnskap i teori. Men denne hendinga fekk meg til å undra over fleire ting, som «kvifor vel denne vaksne å frårøve Kamilla dette eine trygge ho har i kvardagen sin for tida?» Ofte er det slik i barnehagar at ein har ulike reglar for kva som er “lov” og ikkje, og på denne avdelinga var det slik at borna helst ikkje skulle ha med seg personlege eigendelar inn på avdelinga. Bør det ikkje vera slik at reglar må kunna brukast smidig i spesielle situasjonar? Skal ein ikkje kunna vika frå denne “regelen”, når Kamilla er i ein slik sårbar situasjon?

I løpet av mine år med arbeid i barnehage har eg opplevd stadig fleire born som opplever samlivsbrot i familien - der alle etter mi erfaring endra blant anna åtferd som fylgje av dette. Dette har vekt noko i meg, som sjølv opplevde foreldre som skilte lag i ein alder av 13 år. Ved til dømes dødsfall har ein prosedyrar, kriseteam og ein beredskap som “står klar” for å ivareta barnet på best mogleg måte. Ved samlivsbrot har ein etter mi erfaring, ikkje den same beredskapen, og svært mange av borna som opplever samlivsbrot i familien føler seg ikkje sett og einsame. Kvifor har ein ikkje ei viss form for beredskap ved samlivsbrot i barnehagane? Det er ved fleire tilfelle enn dødsfall at ein vert utsett for sorg? Korleis vert tilknytninga rokka ved når eit barn i barnehagealder opplev samlivsbrot? Korleis påverkar eit

samlivsbrot egentleg dei yngste borna, og kva konsekvensar har eit samlivsbrot for dei minste i barnehagen?

I 2017 opplevde om lag 20.000 born i Noreg at foreldra vart skilt eller separert. Det finst ikkje tal som svarar til kor mange sambuarpar med born som gjekk frå kvarandre, då stadig fleire born veks opp med foreldre som er sambuarar, veit ein difor ikkje kor mange born som til saman vert part av foreldra sitt samlivsbrot (Bufdir, 2019).

Dette er nokre spørsmål eg har stilt meg sjølv gjennom fleire år, og som eg har teke for meg i denne oppgåva. På bakgrunn av dette har eg kome fram til følgjande problemstilling:

*Korleis kan me forstå sorg hos born som opplever samlivsbrot mellom foreldre, og korleis kan barnehagen vera til støtte og hjelp?*

## 1.2 OPPGÅVA SI OPPBYGNING OG AVGRENSING

---

I denne oppgåva fokuserer eg på born i barnehagealder (0-6 år) som opplev samlivsbrot. Eg tek for meg kva sorg er, kva tilknytning er og kvifor god tilknytning er viktig i dei fyrste leveåra. Eg har valt å sjå på tilknytningsteori hos teoretikarane Winnicott, Bowlby, Stern, Schore og Fonagy, kva forskning seier om born som opplever samlivsbrot – korleis dette påverkar barnet her og no, men og kva konsekvensar det kan ha seinare i livet. Korleis barnehagen kan hjelpe borna som opplever samlivsbrot til å handtera dette på ein god måte og korleis steinerbarnehagen kan vera gode bidragsytarar i ein elles utfordrande kvardag for desse borna.

Eg har valt å ikkje gå i djupna på steinerpedagogikken, men tek for meg steinerpedagogikk i barnehagealder og rytmen som ein av det pedagogiske grunnprinsippet i steinerpedagogikken – då dette er mest relevant for problemstillinga mi.

Eg har valt å ikkje gå inn på foreldresamarbeid som tema i oppgåva. Dette fordi eg har valt å ha fokus på barnet i seg sjølv – tilknytningsteori og utviklinga til barnet, og på korleis personale i barnehagen kan arbeida for å vera til støtte og hjelp. Gjennom arbeidet mitt med tilknytningsteori og korleis barnehagen kan vera til støtte og hjelp kjem eg naturlegvis inn på kva foreldra kan og bør gjere og.

Eg har brukt episodar frå eigen praksis og erfaring. Episodane er anonymiserte og nokre detaljar er endra på.

### 1.3 OMGREPSAVKLARING

---

Med samlivsbrot meiner eg alt som har med dette å gjere: skilsmisse hos ektefellar eller sambuarpar som går i frå kvarandre.

Med foreldre meiner eg føresette uavhengig av om dette er biologiske foreldre, adoptivforeldre, fosterheimsforeldre, eller liknande.

Med personale meiner eg alle tilsette i barnehagen: assistentar, barne- og ungdomsarbeidarar og barnehagelærarar (pedagogar).

### 1.4 KORT PRESENTASJON AV LITTERATUR

---

I denne oppgåva har eg nytta meg ein del av psykolog og professor Ingunn Størksen sin litteratur. Eg har blant anna brukt boka *Barn og samlivsbrudd - veileder for ansatte i barnehagen* der Størksen skriv at forskning tyder på at yngre born reagerer mest med åtferdsproblem og emosjonelle problem ved eit samlivsbrot. Hos dei yngste borna kan ein sjå både emosjonelle, sosiale, åtferdsmessige og kroppslege (eks. magevondt) reaksjonar, i tillegg til at dei kan verta meir utrygge på sine næraste omsorgspersonar (Størksen, 2012).

Eg har nytta Hart og Schwartz si bok *Fra interaksjon til relasjon* som tek for seg tilknytningsteori hos Winnicott, Bowlby, Stern, Schore og Fonagy. Born si evne til tilknytning vert utvikla i fyrste leveår og denne utviklinga er avgjerande for korleis barnet taklar samspelet med familie, o.l. vidare i livet, og korleis barnet seinare sjølv handterer rolla som omsorgsperson. Ein del born får likevel tilknytingsproblem allereie frå dei er heilt små og jo tidlegare desse borna får den rette hjelpa, desto større er sjansen for å førebyggja langvarige utviklingsforstyrningar (Hart & Schwartz, 2018).

Eg har nytta boka *Når barn er pårørende* av psykiater Anne Kristine Bergem. Denne boka handlar om born som er pårørende av omsorgspersonar/familie som døyr, vert sjuke, eller liknande (Bergem, 2018). Eg har kunna nytta nokon av kapitla i boka, då dei har vore relevante i forhold til mitt tema, medan mykje ikkje har vore relevant i forhold til problemstillinga mi.

Eg og nytta boka *Barnet før skolealderen* av Thyge Madsen. Boka er ein introduksjon til steinerpedagogikken. Boka tek for seg blant anna kva som kjenneteiknar ein steinerbarnehage, kva som er etterlikning og kva som er rytme, kvifor ein fortel eventyr og kvifor ein har matlaging i barnehagen.

Eg har elles nytta anna relevant litteratur og forskingsbasert litteratur på nettet.

### 1.5 KJELDESØKING

---

Noreg vart 12. mars stengt ned grunna virusutbrotet Covid-19. Som konsekvens av Covid-19 har eg difor ikkje hatt anledning for å nytta meg av litteratur på bibliotek. Så for å finna fram til litteratur knytt til temaet mitt fekk eg nokre råd og tips om litteratur av Janne Eldevik, eg brukte [www.scholar.google.com](http://www.scholar.google.com) for å finna relevante bøker og elles relevante nettsider. Eg har og brukt <https://pubmed.ncbi.nlm.nih.gov/> for kjeldesøking av relevant forskingsbasert litteratur.

## 2. SORGTEORI OG TILKNYTINGSTEORI

---

### 2.1 KVA ER SORG?

---

Professor, dr. philos og spesialist innan klinisk psykologi, Atle Dyregrov skriv i ein artikkel *Om sorg og vanlige etterreaksjoner*: «Sorg er i utgangspunktet en normal reaksjon på tap. Den enkeltes sorgprosess vil være like forskjellig som det vi mennesker er, og følger derfor ikke noe gitt strømlinjeformet mønster.» (Dyregrov, u.å).

Dyregrov skriv at born meir enn vaksne, ofte skrur av kjenslene sine slik at det ikkje skal verta for vondt. Nokre av dei vanlegaste etterreaksjonane i sorga ifølge Dyregrov er:

- Sakn, smerte og lengsel
- Sjølvbebreiding og skuldkjensle
- Sårbarheit og angst
- Sinne og irritasjon
- Manglande støtte frå omgjevnadane
- Konsentrasjons- og hukommelsesvanskar

Vidare i artikkelen skriv Dyregrov at sorg tek tid, og ofte undervurderer ein kor lang tid det tek før ein ser lyset i enden av tunnelen. At nokre sider ved sorga vil vara livet ut (Dyregrov, u.å). Artikkelen tek hovudsakleg for seg sorg etter dødsfall, men gjev likevel eit innblikk i kva sorg er. I artikkelen *Ulike perspektiver på sorg og følger for omsorg og hjelp* skriv Furnes og Martinsen (2010) at sorg er dei mange ulike inntrykk og uttrykk me har når me vert utsett for eit betydeleg tap. At tapet av ein nær person forårsakar kroppsleg smerte, motløyse, fortvilning og ubalanse der heile personen vert part (Furnes & Martinsen, 2010). Artikkelen tek for seg sorg som reaksjon og symptom og sorg som livsfenomen, når ein vert part av dødsfall.

### 2.2 TILKNYTING

---

Ingunn Størksen (2009) skriv at tilknytningsteori fokuserer på varige og trygge relasjonar, men og på separasjon og tap. At det difor har vore nærliggjande for mange – både klinikarar og forskarar – å trekkja inn tilknytningsteori i sitt arbeid med born og samlivsbrot (Størksen, 2009). Medan Størksen (2012) og skriv i boka *Barn og samlivsbrudd* at tilknytningsteori fokuserer på korleis spedbarnet og omsorgspersonen knyt seg til kvarandre, ved at

omsorgspersonen responderer og handlar ut frå behova spedbarnet signaliserer. At born som vert møtt med empatisk innleving, omsorg og trøyst frå omsorgspersonane, utviklar eit trygt tilknytingsmønster. Borna stolar på at omsorgspersonen er der for dei, og vil trøysta og tryggja dei ved behov. Born som opplev at desse behova ikkje vert møtt, eller som opplever at det er tilfeldig når desse behova vert møtt, kan utvikla ein utrygg tilknytning. Borna har vanskeleg for å stola på sine omsorgspersonar og kan verka avvisande eller ambivalente. Desse borna står i fare for å ta med seg negative relasjonserfaringar inn i andre samanhengar, og kan til dømes verta utrygge i forhold til vaksne i barnehagen (Størksen, 2012). Størksen (2012) skriv at eit samlivsbrot medfører eit skilje og eit brot frå den eine av foreldra. Det er då nærliggjande å tenkja at eit slikt brot kan forstyrra små born si tilknytning og tryggleikskjensle. Foreldra sitt samlivsbrot kan, i følgje forskning, ha innverknad på små born si tilknytingskjensle. Dette er noko som sannsynlegvis kan forklarast ved at små born ofte ikkje har kognitive evner og kunnskap til å skjøna kva foreldra sitt samlivsbrot tyder, slik at borna kan utvikla fantasiar og misforståingar knytt til situasjonen dei er i. Dette kan til dømes vera idear om at samlivsbrotet er deira feil, eller at den eine eller begge foreldra vil “skilja seg” frå eller etterlata barnet. Det kan og vera fantasiar om at den av foreldra som barnet ikkje er hos der og då, kan “verta vekke for alltid” (Størksen, 2012).

I dei neste underkapitla går eg nærare inn på tilknytningsteori hos Winnicott, Bowlby, Stern, Schore og Fonagy. Dette for å gje ei forståing og innføring i tilknytningsteori som eg meiner er grunnleggjande i forhold til å forstå utviklinga hos eit barn, og korleis eit samlivsbrot kan rokka ved denne utviklinga og tilknytninga til sine omsorgspersonar. I boka *Fra interaksjon til relasjon* står det skriva at desse fem oppfattar alle spedbarnet som eit sosialt vesen som er avhengig av menneskeleg omsorg og kontakt for å kunna modnast og oppfylla sitt potensial – altså som støttar utviklinga og driv den framover (Hart & Schwartz, 2018). Denne oppfatninga av barnet som eit sosialt vesen er grunnleggjande i omgrepet om tilknytning. Tilknytning er ein medfødd biologisk kapasitet som set barnet i stand til å forbinda seg med omsorgspersonen og andre nære tilknytingspersonar. Tilknytninga verkar som ei bærebølgja for den vidare utviklinga (Hart & Schwartz, 2018).



---

### 2.3 TILKNYTINGSTEORI HOS DONALD WOODS WINNICOTT

---

Donald Woods Winnicott (1896-1971) var ein engelsk barnelege og psykoanalytiker. I *Fra interaksjon til relasjon* står det skrive at Winnicott pratar om barnet sitt primære behov for «ei nesten fullstendig tilpassing frå mora» og beskriv korleis det vert utvikla ei binding mellom barnet og omsorgspersonen som er avgjerande for barnet si utvikling. Winnicott brukar omgrepet *relatering* for å beskriva denne tidlege bindinga mellom det fullstendig avhengige spedbarnet og omsorgspersonen som med si intense omsorg for barnet dannar ei beskyttande hinna og dermed støttar det i etableringa av eit samanhengande psykisk liv (Hart & Schwartz, 2018). Winnicott teikna eit bilete med utviklingsforståinga si, korleis barnet under gunstige omstende kan utfalda sitt potensial og verta eit sjølvstendig vesen som er åtskilt frå og samstundes forbunde med omverda si. Betydninga av barnet sitt eige bidrag for dei utviklingsmessige landevinningane er eit viktig tema hos Winnicott. Winnicott har med omgrepa om det potensielle rommet og overgangsobjekt, gitt sine eigne originale bidrag til forståinga av den spesielle erfaringsforma som ligg mellom verkelegheit og fantasi, der det sjølvoppdagande indre vert forbunde med det ytre i utforskinga av verdas gjenstandar og symbol (Hart & Schwartz, 2018). Winnicott må teoretisk plasserast som objektrelasjonsteoretikar, medan tankane hans om at den innbyrdes bindinga mellom omsorgspersonen og borna fremjar utviklinga, viser tydeleg kva betyding det omgjevande miljøet har for utviklinga i arbeidet hans. Desse tankane ligg nær tilknytningsteorien si forståing av utvikling (Hart & Schwartz, 2018).

---

### 2.4 TILKNYTINGSTEORI HOS JOHN BOWLBY

---

John Bowlby (1907-1990) var ein engelsk barnepsykiater, psykoanalytiker, forskar og teoribyggar. I boka *Fra interaksjon til relasjon* står det skrive at Bowlby sin forståing av barnet si utvikling er bygd opp omkring barnet si medfødde tilbøyelegheit til å knyta nære band til personar som kan yta beskyttelse. Det meir stabile omsorgssystemet hos den vaksne tilknytingsfiguren stabiliserer det meir usikre tilknytningssystemet hos barnet, og den trygge tilknytninga dannar grunnlag for utvikling av sjølvtilit og sjølvstendigheit. Slik som Winnicott, påpeikte Bowlby miljøet si betyding og den rolla faktiske opplevingar og hendingar spelar for born si utvikling (Hart & Schwartz, 2018). Bowlby har hatt stor innverknad på vektlegginga av relasjonelle forhold i forståinga av barnet si utvikling. Hans arbeid med skilje og sorg i barndommen var banebrytande og fekk betyding for praksisen på barneavdelingar, der foreldra frå slutten av 1950-åra i aukande grad vart innlagt i lag med

borna for å støtta og vera i nærleiken av sitt sjuke barn som ein førebygging av tap og sorgreaksjonar hos barnet. Hans systematiske arbeid med sorg har dessutan danna grunnlaget for å forstå og behandla kriser som fylgje av tap. Bowlbys arbeid med å utforma teorien sin på grunnlag av empiri og hans omfamning av den akademiske psykologien, særleg kognisjonspsykologien, var banebrytande på hans tid og bidrog til ei forståing av at teoriar og utvikling kunne etterprovast vitenskapleg og rivast laus frå det nære forholdet til psykoanalysen (Hart & Schwartz, 2018).

---

## 2.5 TILKNYTINGSTEORI HOS DANIEL STERN

---

Daniel Stern (1934-2012) var ein amerikansk psykiater og psykoanalytiker. I *Fra interaksjon til relasjon* står det skrive at Stern fokuserte på barnet sin medfødde kapasitet til å inngå i sosiale samspel (Emde, 2017; Hart & Schwartz, 2018). Stern har hatt stor betydning for vidareutviklinga av utviklingspsykologien, sjølvpsykologien og tilknytningsteorien. Han påviste korleis stimulering er nødvendig for å forsyne hjernen med det råmaterialet som trengst for at det menneskelege potensialet skal kunna utfalda seg, og for at barnet skal kunna danna indre representasjonar av den ytre verda. Stern kunne gjennom observasjon av mikrosamspel mellom omsorgspersonar og born, påvisa korleis omsorgspersonen kommuniserte med spedbarnet på ein måte som hjelpte barnet med å definera seg sjølv gjennom oppbygginga av relasjonen grunna nyutviklinga av videoteknologien i 1970-åra. Slik som Bowlby fann Stern det nødvendig å ta utgangspunkt i det observerbare og ikkje det konstruerte barnet, slik den psykoanalytiske teorien tidlegare hadde gjort. Stern fann ut at barnet er aktivt i samspelet med omsorgspersonen heilt frå fødselen av og kom langt i forståinga av korleis interpersonlege relasjonar vert absorbert som intrapsykiske prosessar – ei forståing som han i dei seinare åra utvikla til ein teori om dei verksame elementa i psykoterapeutiske prosessar (Hart & Schwartz, 2018). Stern sin teoriforståing har vist seg å vere velegna til å kopla tilknytningsteori og utviklingsteori saman med ein nevrobiologisk forståing av kjenslelivet. I byrjinga av 1990-åra vart det ved hjelp av den utvikla hjerneskaningsteknologien gjort vesentlege framsteg i forståinga av samanhengen mellom kjenslemessige og nevrane prosessar. Det vart då mogleg å forstå prosessar i dei djuptliggande områda i hjernen som blant anna står for mennesket si arousal- og affektreguleringskapasitet - altså kjensleliv og evne til å forstå sitt eige og andre sitt kjensleliv (Hart & Schwartz, 2018).

---

## 2.6 TILKNYTINGSTEORI HOS ALLAN N. SCHORE

---

Allan N. Schore (f. 1943) er ein amerikansk psykolog og hjerneforskar og arbeider på det kliniske fakultetet i avdelinga for psykiatri og bioåtferdsforskning på Universitetet i California i Los Angeles. I *Fra interaksjon til relasjon* står det skrive at Schore legg seg nær opptil Bowlby og ser på tilknytning som utgangspunkt for utviklinga av ei evne til affektiv regulering – altså barnet si evne til å kontrollera og omarbeida dei kjenslemessige impulsane som oppstår i møte med omverda. Schore ser på sjølvregulering som ein medfødd kompetanse som set barnet i stand til å inngå i regulerande samspel med omsorgspersonen. Gjennom eit samspel der barnet si sjølvregulering vert støtta, integrerer det sine erfaringar med å regulera impulsar og utviklar etter kvart ei evne til sjølvregulering (Hart & Schwartz, 2018). Fundamentet i Schore sin teoriforståing er at det menneskelege arvemessige potensialet bare kan realiserast i den grad miljøet gjer det mogleg - då tilknytning er eit samspel mellom utviklinga av spedbarnet sitt nervesystem, og omsorgspersonen si åtferd og måtar å overrekka sine erfaringar til barnet på. Schore er foreløpig den einaste som har teke skrittet fullt ut og bygd bru mellom tilknytningsteori og den nyaste hjerneforskninga (Hart & Schwartz, 2018).

---

## 2.7 TILKNYTINGSTEORI HOS PETER FONAGY

---

Peter Fonagy (f. 1952) er ein psykolog frå Ungarn som i dag er Freud Memorial-professor i psykoanalyse og tilsett i underavdelinga for klinisk helsepsykologi ved University College, London, og leiar av Child and Family Center og Clinical Outcomes Research and Effectiveness Center, begge ved Menninger Clinic i Kansas. I tillegg er han forskingsleiar ved Anna Freud Centre i London og verkar som klinisk psykolog, læreanalytiker og rettleiar ved British Psychoanalytical Society i forbindelse med analyse av born og vaksne. I *Fra interaksjon til relasjon* står det skrive at fokuset til Fonagy er på barnet sine medfødde kompetansar til å veta noko om seg sjølv, som etter kvart vert utvikla til ei evne til mentalisering – å kunna leva seg inn i si eigen og andre si mentale verd, og forstå åtferd som noko som heng saman med kjensler og andre mentale forhold. Fonagy nyanserer det som føregår i samspelet mellom omsorgspersonen og barnet (Hart & Schwartz, 2018). Om barnet har vakse opp i eit utrygt tilknytningsmønster, missar det moglegheita for å utvikla reguleringsmekanismer til å vurdere og reorganisera sitt mentale innhald. Barnet vert ute av stand til å skapa ein oppfatning av seg sjølv som eit avslutta individ med eit psykisk liv som er åtskilt frå omverda – ein tilstand som det tek med seg inn i vaksenlivet. Fonagy har gjennom sin påpeiking av samanhengen mellom trygge og utrygge tilknytningsmønster,

moglegheita for å danna sjølvreguleringsmekanismer og verta i stand til å vurdere og organisera sitt mentale innhald, ytt eit vesentleg bidrag til tilknytningsteorien. Tilknytning er ein prosess som gjer det mogleg å utvikla eit mangfaldig mentalt liv for Fonagy.

Tilknytingsrelasjonen er av avgjerande betydning for barnet sin moglegheit for å utvikla dei bearbeigingsevnene som krevst for å handtera personleg interaksjon, fungera under stress og føreta ein mentalisert omarbeiding av kjenslelada informasjon (Hart & Schwartz, 2018).

## 2.8 KVIFOR ER GOD TILKNYTING VIKTIG?

---

Ingunn Størksen (2007) skriv i artikkelen *Barnet i barnehagen – relasjoners betydning for tidlig utvikling* at ein veit frå forskning kor skadeleg konfliktfylte og vanskelege relasjonar er for mennesket. Mennesket er eit relasjonelt og sosialt vesen allereie frå fødselen og det er i trygge samspel med andre me utviklar oss og lever godt (Størksen, 2007).

I artikkelen *Hva kan barnehagen bidra med til barn som har opplevd samlivsbrudd*, skriv Størksen (2008) om psykolog Robert C. Pianta som er oppteken av tidleg samspel mellom foreldre og born, men og samspelet som barnet seinare utviklar med andre vaksne det må forholda seg til, som for eksempel personale i barnehagen og lærarar. Med utgangspunkt i tilknytningsteori hos Bowlby og Ainsworth, beskriv Pianta korleis godt og sensitivt samspel sikrar ei trygg tilknytning mellom foreldre og born. Størksen (2008) skriv at Pianta vidare er oppteken av at ikkje alle born får eit slikt godt samspel med sine omsorgspersonar i dei tidlege leveåra. At rus, psykiske problem, samlivsbrot eller manglande evner hos omsorgspersonane kan forstyrre den sensitive dialogen som barnet er avhengig av å ha til omsorgspersonen. Barnet kan i slike tilfelle kan verta utrygg på om omsorgspersonane er tilgjengelege for å gje beskyttelse og trøyst når barnet treng det. Dette er noko som kan vere kritisk for barnet som kan utvikla ein ambivalent eller utrygg tilknytning til sine omsorgspersonar. Tilknytingsstilen til barnet kan då generaliserast til seinare relasjonar mellom barnet og andre vaksne, som personale i barnehage og lærarar. I slike tilfelle er det særleg avgjerande at dei vaksne i barnehage og skule arbeider for å styrka sin relasjon til barnet. På denne måten kan barnet få kompensierende erfaringar som kan hjelpa barnet til ny tillit og trygghet (Størksen, 2008). Størksen (2008) skriv vidare at trygge og gode relasjonar i barnehage og skule er avgjerande for barnet sin sosiale og faglege utvikling, ifølge Pianta. At den støttande og nære relasjonen mellom vaksne i barnehage/skule og borna kan sjåast på både som ein generell beskyttelsesfaktor, men og som eit tiltak for born med særlege behov.

Ho skriv og at Pianta meiner det er dei vaksne sitt ansvar å syta for at relasjonen fungerer tilfredsstillande, og at det gjerne er dei borna som me har vanskelegast for å etablere ein nær relasjon med, som sannsynlegvis treng slike relasjonar mest (Størksen, 2008).

Størksen (2007) skriv at gode og trygge relasjonar til nære personar er avgjerande for sosialisering, vekst og utvikling gjennom heile barndommen, men at det kanskje er særleg avgjerande i dei tidlege barneåra. Ein har over dei seinare tiåra har sett ei utvikling der stadig fleire og stadig yngre born oppheld seg store delar av dagen i barnehagen. Noko som medfører at borna får nye omsorgspersonar som dei lyt forholde seg til utanfor sin eigen heim. Ein grunnleggjande relasjonell trygghet er gunstig for barnet si utfalding og læring då det vert skapa eit trygt og sjenerøst klima for feiling og prøving. At barnet som er omgjeve av trygge relasjonar, kan bruka sin energi på å læra framfor å tappa energi på suter og frykt. For born som har hatt ein problematisk og vanskeleg tilknytingshistorie, er trygge, beskyttande og sensitive relasjonar ekstra viktig. I barnehagen kan slike varme, varige relasjonar fungera kompenserte i forhold til andre erfaringar. Barnet kan få moglegheit til å danne seg nye mentale representasjonar eller mentale bilete av seg sjølv i relasjon til andre som kan styrka dei i deira vidare utvikling. Kvart enkelt barn som kjem til barnehagen, møter med ulike biologiske og sosiale føresetnadar, og det er gjennom varme, trygge og skjønne relasjonar det enkelte barnet vert gitt dei beste føresetnadane for vekst (Størksen, 2007).

### 3. BARNET

---

Anne Kristine Bergem (2018) skriv i boka *Når barn er pårørende* at alle born vert fødd inn i ein familie, i eit samfunn og inn i ein kultur. Born lyt læra seg å forstå seg sjølv og omgjevnadane for å kunna finna sin plass i samfunnet og for å inngå i relasjonar til andre menneske. Alle menneske er fødde med ein psykologisk disposisjon for å utvikla denne evna til å forstå seg på omgjevnadane og seg sjølv. Denne «bagasjen» gjer slik at eit nyfødd barn ikkje møter omgjevnadane med blanke ark, men med ei forventning om at trygge og tilgjengelege omsorgspersonar vil gje barnet det barnet treng for å utvikla seg både psykisk og fysisk. Barnet treng at vaksne omsorgspersonar oppfyller denne forventninga for at dei skal få utvikla evna til å forstå seg på seg sjølv og på verda. For at barnet skal få ein normal utvikling, er barnet heilt avhengig av vaksne som er i stand til å møte barnet sine behov (Bergem, 2018).

### 3.1 BORN 0 – 6 ÅR

---

Bergem (2018) skriv at dei aller minste borna utviklar seg mykje og raskt. Fysisk utvikling som å læra å krabba, sitja og gå skjer i det fyrste halvanna året, og det er og i denne tida borna byrjar å prata med ord. Mange born byrjar i barnehage og knyter kontakt både med andre vaksne enn den næraste familie, samt med andre born. Det aller viktigaste i desse åra er at oppvekstvilkåra ligg til rette for trygg tilknytning. Borna er avhengig av trygge og tilgjengelege vaksenpersonar samstundes som dei treng å stimulerast til å utforska verda omkring. Og at dei treng reguleringsstøtte. Behovet for tilknytning, regulering og spegling må dekkast i tilstrekkeleg grad for at barnet skal vera i stand til å handtera sjukdom hos foreldra (Bergem, 2018). Heilt i frå fire- til åttémånaders alder har born evne til å forstå at noko kan eksistera sjølv om det er vekke frå barnet sitt synsfelt, og i eitt og eit halvt årsalderen byrjar barnet å tåla å vera vekke frå foreldra sine noko betre enn tidlegare – Barnet klarar å oppretthalda bilete av eit menneske sjølv når mennesket er vekke. Det kan vera utfordrande å kommunisera verbalt med born på ein måte som gjev meining i dei to fyrste leveåra. Men sjølv om så små born ikkje skjønar ord og omgrep, oppfattar dei i aller høgste grad kroppsspråk, kjensleuttrykk og stemningar hos dei næraste (Bergem, 2018). Allereie i dei fyrste leveåra vil born leggja merke til endring i sinnstemning og humør hos foreldra, og vil på sin måte skjønna at det er noko gale om familien vert ramma av sjukdom eller ei anna form for krise. Å forklara kva som skjer, har betydning sjølv om ikkje borna skjønar orda som vert brukt. Borna vil kjenna trygghet ved at vaksne pratar med roleg stemma og formidlar ro og nærvær (Bergem, 2018). Frå borna er to år gamle vil dei utvikla seg raskt når det gjeld evna til å tenkja og prata. Språkutviklinga er stor i denne alderen og verbal kommunikasjon får stadig større betydning. Framleis vil borna i stor grad tenkja «her og no», og vil gjerna oppfatta seg sjølv som hovudpersonen i alt som skjer. Om foreldra ikkje pratar med borna om kva som skjer og forklarar og tryggjer, kan borna allereie i denne alderen ta på seg rolla med å muntra opp foreldra, skåna dei for ubehagelege spørsmål og kjenna eit ansvar for å gjera foreldra glad. Små born kan ha mange fantasiar og førestellingar og kan i verste fall tru at det er deira skuld om det skjer noko med foreldra då den egosentriske tankegangen er dominerande. Det er difor viktig at ein pratar med borna og forklarar ting slik dei eigentleg er, slik at vonde fantasiar og tankar om skuld kan avdekkjast og avkreftast (Bergem, 2018).

Rutinar og forutsigbarheit er det små born trivst best med. Dess yngre borna er, dess meir konkret informasjon treng dei. Born i barnehagealder kan ha mange spørsmål av konkret art, noko det er viktig at dei får svar på når dei spør. Ein god tommelfingerregel i følge Bergem,

er at alt ein seier skal vera sant - men ein treng ikkje seie alt som er sant. Det ein fortel skal seiast for å hjelpa borna til å få ein samanheng og meining i det som skjer og gje betre føresetnadar for å meistra situasjonen (Bergem, 2018).

---

### 3.2 SPEGLING

Bergem (2018) skriv at spegling kan forklarast nevrobiologisk gjennom at hjernen vår er utstyrt med ein spesiell type nerveceller som vert kalla *speglnevronar*. Det ligg blant anna speglnevronar i den delen av hjernen som styrer rørsler. Desse nevrone er aktive når me sjølv gjer rørsler, men og når me ser andre gjera rørsler. Denne nerveaktiviteten bidreg til at me kan leva oss inn i eit anna menneske sin situasjon. I utviklingspsykologien vert det å leva seg inn i eit anna menneske sin situasjon kalla for affektiv inntoning. Spegling, eller affektiv inntoning mellom foreldre og barn, er kompliserte prosessar som enkelt forklart handlar om at den vaksne les og tolkar borne sitt ansikts- og kjensleuttrykk, og gjennom sitt eige andlet og kroppsspråk viser attende til barnet kva dei har sett og oppfatta (Bergem, 2018).

Winnicott prata og om spegling i sin tilknytningsteori. Han pratar om ei side ved omsorgspersonen sin funksjon, spegling, som inneber at omsorgspersonen ser barnet og formidlar det omsorgspersonen ser til barnet, som på den måten opplever å verta sett.

Winnicott meiner at ein føresetnad for å kunna utvikla seg er at barnet internaliserer opplevinga av å verta sett, og at det ser seg spegla i omsorgspersonen sitt ansiktsuttrykk. Barnet er oppteken av å lesa av omsorgspersonen sitt ansiktsuttrykk, og når det føler at det vert spegla i omsorgspersonen si omsorg og ihuga, får det støtte til å danna seg ei oppfatning av seg sjølv. Om omsorgspersonen på grunn av eigne problem har vanskar for å sjå på barnet og svara på barnet sitt uttrykk, vil det føra til at barnet ikkje ser seg sjølv, men omsorgspersonen. Barnet konsentrerer seg om å vurdere sinnsstemninga til omsorgspersonen, og det kan verta forstyrrende i sjølvutviklinga (Hart & Schwartz, 2018).

---

### 3.3 VAKSNE FOR HANDTERING AV KJENSLER

*Regulering* i fylgje Bergem (2018) er eit sentralt omgrep i forståinga av borns utvikling av kjensler og korleis dei lærer å kjenna dei att og handtera dei. Regulering er ei evne me utviklar frå barndommen og gjennom livet som handlar om å kunne kjenna att, tilpassa og /eller overstyra kjensler og impulsar. Ein eller anna stad i utviklinga frå å vere spedbarn til vaksen, har det skjedd noko med oss. Me har utvikla evna til å regulera kjenslene våre, til å utsetja behov og til å la fornufta overstyra kjenslene. Evna til å regulera seg sjølv lyt lærast.

Læringa skjer i samspelet mellom barn og ein trygg og tilgjengeleg omsorgsperson med evne til å gje reguleringsstøtte. Ein vaksen har evna til å gje reguleringsstøtte til eit born dersom den vaksne evnar å reflektera rundt sine eigne og barnet sine indre mentale opplevingar (Bergem, 2018). Når barnet vert møtt med trøyst og omsorg, får barnet reguleringsstøtte. I tillegg er det slik at born som vert møtt på riktig måte, også erfarer at dei sjølv har evna til å påverka omgjevningane. Dette er ein viktig erfaring for barnet, då det er ein erfaring som gjer at barnet kan bruka omsorgspersonane sine når det treng hjelp til regulering (Bergem, 2018).

#### 4. KONSEKVENSNAR AV SAMLIVSBROT

---

Størksen (2008) skriv i artikkelen *Hva kan barnehagen bidra med til barn som har opplevd samlivsbrudd?* at det i Noreg i dag er ein høg førekomst av samlivsbrot der me veit at born i alle aldrar vert ramma. At det i 2004 var 11.600 norske born under 18 år som opplevde at foreldra skilde lag. Andelen sambuarforeldre har auka betrakteleg dei siste 20 åra og desse foreldra er i auka risiko for samlivsbrot i følge ein rapport av Jensen og Clausen frå 1997. Me veit og at den årlege statistikken over separasjonar er litt høgare enn statistikken for skilsmisser, då nokon individ som tek ut separasjon seinare vel å flytta saman igjen. Den reelle mengda born som opplever at foreldra deira faktisk flyttar frå kvarandre kvart år er difor langt høgare enn det ein ser i den ordinære skilsmissestatistikken. Ein reknar dette talet til å liggja mellom 25-30.000 born per år. Rapporten til Jensen og Clausen frå 1997 viser vidare at andelen born i alderen 0-4 år som opplev foreldre som skil lag har auka betrakteleg dei siste 20 åra. Beregningar frå SSB frå 2005 reknar at om lag 24% av ekteskap som vert inngått i dag kjem til å enda i skilsmisse innan 10 år etter inngåing av ekteskap. Samlivsbrotet vil for mange par altså førekoma i den tida borna er i barnehage (Størksen, 2008).

I boka *Barn og samlivsbrudd* skriv Størksen (2012) at Norsk og internasjonal forskning syner at born som har opplevd foreldre sitt samlivsbrot (som gruppe), har auka risiko for ei rekkje psykososiale vanskar. Det er sannsynlegvis mange og komplekse årsakar til dette. Dess fleire relaterte stressfaktorar det er, dess vanskelegare kan det vera for barnet. At ein generelt kan seie at når samlivsbrotet fører med seg få endringar og stressfaktorar, er dette heldig for barnet på både kort og lang sikt. Dei aller fleste små born vil kunna visa ein eller anna form for direkte reaksjon ved eit samlivsbrot - anten kroppsleg, kjenslemessig eller åtferdsmessig. Denne livshendinga kan og gjere at enkelte born føler seg meir utrygge, og at dei viser ein meir usikker tilknytingsåtfærd. Nokon born kan utvikla fantasiar om kva som er årsaka til



brotet, og kva dei kan gjera for å fiksa situasjonen. Det er viktig at foreldre og personale er opne for ulike reaksjonar hos barnet, og at barnet får lov til å reagere på sin måte. Vidare kan foreldre og personale hjelpa borna til å forstå og setja ord på sine opplevingar (Størksen, 2012).

Forsking publisert i *U.S. National Library of Medicine* (2017) skriv at utbreiinga av skilsmisse i vestlege land har auka dei siste tiåra, men at det ikkje er noko nyare systematisk gjennomgang og/eller metaanalyse av studiar som har testa for langtidsverknadane av foreldra sitt samlivsbrot på stemningslidingar hos borna. Studien gjennomførte ein systematisk gjennomgang og metaanalyse av studiar publisert sidan 1980 og testa for assosiasjonen mellom foreldra sitt samlivsbrot og born og depresjon i vaksen alder. Det var totalt 29 studiar som var kvalifiserte for den systematiske gjennomgangen, og 18 studiar vart inkludert i metaanalysane. Det var ein signifikant assosiasjon mellom samlivsbrot hos foreldre og depresjon hos borna. Effekten av samlivsbrot hos foreldre på depresjon hos borna var ikkje svakare i rapportane som vart publisert dei seinare tiåra. Konklusjonen i denne forkinga var at foreldra sitt samlivsbrot er assosiert med auka risiko for depresjon av vaksne born, utan indikasjon på at effekten er svakare i nyare publikasjonar (Gaysina, Sands & Thompson, 2017). Forsking frå både Noreg og andre land har i seinare tid vist at langtidsverknadane av foreldra sitt samlivsbrot er større og meir alvorlege enn tidlegare påreknar. Samanlikna med born av foreldre som har halde saman, har skilsmisseborn større risiko for sjølv å verta skilt. Vidare oppgjer dei å ha lågare livskvalitet, at dei er meir utsett for depresjon, og dei ender opp med kortare utdanning. I tillegg opplever vaksne skilsmisseborn relasjonen til foreldra som mindre nære, samanlikna med born av gifte foreldre (Hagestad & Herlofson, 2009).

I artikkelen *Samlivsbrudd og skilsmisse* frå Helsedirektoratet (2019) står det blant anna:

De fleste barn takler dette godt med god hjelp av foreldre og nettverk. En rekke studier viser likevel at samlivsbrudd utgjør en risikofaktor for barn. Barn av skilte foreldre har mer følelsesmessige vansker, med atferdsproblemer, mer sosiale vansker, flere helseproblemer og dårligere akademiske prestasjoner en periode etter samlivsbruddet (Helsedirektoratet, 2019).

Også klinisk sosionom Torgeir Finsås (2019) skriv i artikkelen *Er samlivsbrudd skadelig for barna?* at ein ser fleire problem hos born og ungdom som kjem frå familiar som har gått i oppløysing (Finsås, 2019). Medan Ingunn Størksen (2006) i artikkelen *Psykososiale konsekvenser blant barn og ungdom ved samlivsbrudd* tek for seg fleire sider ved denne saka. Ho skriv at det er gruppeskilnadar mellom dei som har opplevd samlivsbrot, og andre, og at born som har opplevd samlivsbrot har litt fleire psykososiale problem enn andre born. Størksen (2006) skriv om Amato og Keith sin metastudie frå 1991 og Amato sin metastudie frå 2001 som seier at eit av områda ein ser størst skilnad mellom born som har opplevd samlivsbrot og born som ikkje har opplevd samlivsbrot, er området som gjeld åtferdsproblem. Altså meir utagering, meir antisosial åtferd og meir konflikt med autoritetar blant born som har opplevd samlivsbrot, enn andre born. Men skilnaden mellom dei to gruppene er ikkje veldig store. At dette sannsynlegvis tyder at nokon born tener på foreldra sitt samlivsbrot, at nokre born ikkje viser særleg store reaksjonar på brotet, medan ei undergruppe av borna altså viser ulike typar psykososiale problem relatert til brotet – også på sikt (Størksen, 2006). Størksen skriv om Amato sin oppfølgingsstudie frå 2001 som inkluderte 67 studiar frå 90-talet, som fann at det var ei auke i effekten kva gjaldt emosjonelle problem på 90-talet samanlikna med tidlegare studiar. Størksen (2006) skriv at Amato forklarte dette ut frå ei trend der fleire «lågkonflikteteskap» endar i skilsmisse. Dette er familiar der foreldra ser ut til å ha det fint, men der foreldra likevel etter ei tid avgjer å gå i frå kvarandre. Dette er ein type samlivsbrot der borna har mykje å tapa og lite å vinna på at foreldra går frå kvarandre. Nyhenda om brotet kjem då overraskande på borna som kan reagere med sinne og sorg og utvikla ulike typar problem og symptom (Størksen, 2006). Størksen (2006) skriv at hovudkonklusjonen frå internasjonale og norske studiar er at ein finn moderate, men statistisk påviste skilnadar mellom gruppene. Dei fleste borna klarar seg bra, men det er ei lita auke kva gjeld risiko for problem blant dei som har opplevd samlivsbrot. Vidare skriv Størksen (2006) om Robert Emery og Mavis Hetherington som er to sentrale namn innanfor denne forskinga, der begge er opptekne av at born er det som på engelsk kallast som «resilient» eller motstandsdyktige, og at dei på sikt klarar å koma over den dramatiske hendinga som eit samlivsbrot er (Størksen, 2006).

I ein anna artikkel *Kan foreldrenes samlivsbrudd påvirke små barns tilpasning og tilknytning?* av Ingunn Størksen (2009) står det at det finst nokre studiar som indikerer at eit samlivsbrot er sterkare knytt til emosjonelle vanskar hos barnet dersom barnet opplever eit brot i sine tidlegaste år og at ein anna studie viste liknande resultat. Studiane fokuserte på

åtferdsproblem og resultatene tyda på at borna som opplevde samlivsbrotet før dei fylte 6 år viste fleire åtferdsproblem, enn born av foreldre som skilte lag når borna var blitt eldre. Begge studiane peikar mot at eit samlivsbrot kan vera verre for yngre born enn for eldre. Dette kan skuldast at tema relatert til separasjon og tilknytning er meir avgjerande for born i denne alderen framfor blant eldre born, og at skilje og separasjon mellom foreldra, og mellom foreldre og born, i større grad kan aktivera sårbare reaksjonar og endra åtferd hos borna. Samstundes har små born ein meir avgrensa moglegheit for å skjønna og uttrykkja kjensler og opplevingar knytt til eit samlivsbrot (Størksen, 2009).

#### 4.1 BARNEHAGEN TIL STØTTE OG HJELP

---

Ingunn Størksen (2008) skriv i artikkelen *Hva kan barnehagen bidra med til barn som har opplevd samlivsbrudd?* at fleire internasjonale studiar har funne at foreldra sitt samlivsbrot kan utgjera ein risiko for barnet sin tilknytning. At dette kan skuldast at omsorgspersonar ikkje maktar å fungera på same måte som tidlegare ovanfor barnet i forbindelse med eit samlivsbrot. Ein studie fant at skilnaden i tilknytning mellom born som hadde opplevd samlivsbrot og andre born delvis kunne forklarast med ulike foreldrestil i dei to gruppene. Det såg ut som at dei omsorgspersonane som var i stabile forhold klarte å praktisera ein meir positiv foreldrestil enn omsorgspersonar som hadde opplevd samlivsbrot, og dette kunne forklara noko av skilnaden i tilknytning i dei to gruppene. Difor vert det viktig at andre omsorgspersonar rundt barnet, til dømes personale i barnehagen, viser varme og emosjonell tilgjengelegheit ovanfor barnet som opplever samlivsbrot. Størksen (2008) skriv at Pianta hevdar at relasjonar til personell i barnehage og skule kan verka kompenserte når born opplever vanskelege relasjonar i heimen (Størksen, 2008). Vidare i artikkelen skriv Størksen (2008) om ein langtidsstudie frå England som følgde borna frå dei var 4-7 år gamle, der dei fann at samlivsbrot i løpet av perioden var relatert til ein auke i åtferdsproblem og emosjonelle vanskar. Dette tyder på at gruppeforskjellar mellom dei som hadde opplevd samlivsbrot og dei andre borna når dei var 7 år gamle, ikkje kunne skuldast vanskar i familien før brotet, men at sjølve samlivsbrotet kunne medføra ulike reaksjonar hos borna. På grunn av dette er det viktig at omsorgspersonar rundt barnet er merksame på endra åtferd og ulike reaksjonar hos barnet i samband med samlivsbrotet, og at dei forsøker å leggja til rette for at barnet kan få uttrykkje vanskelege tankar og kjensler på ulike måtar (Størksen, 2008).

Størksen (2008) skriv på grunnlag av barnehagelova og rammeplanen at barnehagen skal bidra med individuell tilrettelagt omsorg for borna. Størksen skriv vidare at det ikkje inngår i barnehagen sine oppgåver å driva terapi med små born, medan det likevel finst ein del enkle tiltak som kan vere med på å letta kvardagen for små born som er midt i ein vanskeleg familiesituasjon. Størksen sin anbefaling i møte med barnehagar som ynskjer å leggja til rette for born etter samlivsbrot er: meir av det same. Størksen rår dei altså til å gjere meir av det dei vanlegvis gjer. I tida rundt eit samlivsbrot vil det vere viktig at dei vaksne i barnehagen set av ekstra tid for nærleik og omsorg. Historieforteljing er ein viktig del av barnehagen sin kvardag. Både metaforiske og verkelege historier frå bøker og/eller eigen erfaring kan ifylgje Størksen (2008) ha ein svært verknadsfull verknad på små born. Historier kan på ulike måtar bidra til å omarbeida kjensler, oppklara misforståingar og peika på moglegheiter for eit fortsatt godt familieliv (Størksen, 2008).

I artikkelen *Små barn og samlivsbrudd – symptomer og tiltak* skriv Størksen og Tveit (2012) om tidlegare forskning som peikar mot at vaksne sitt aktive nærvær og støtte kan fremja positiv tilknytning og utvikling hos born som har opplevd samlivsbrot, medan det verkar å vere få aktive tiltak for denne gruppa born i norske barnehagar. At det er fleire ting som tyder på at norske barnehagar har behov for rettleiing og råd for å støtta små born i denne situasjonen. Ifølge Hart er små born avhengig av ein eller nokre få trygge relasjonar for å koma i gang med si emosjonelle utvikling, og at denne tidlege og nødvendige relasjonsutviklinga mellom barnet og omsorgspersonane dannar grobotnen for den kognitive utviklinga hos barnet og grunnlaget for seinare relasjonar. Ifølge Pianta er relasjonar viktige gjennom heile livsløpet og relasjonar har innverknad både på trygghet, utvikling og læring i barnet sine tidlegaste år. Vidare i artikkelen skriv Størksen og Tveit (2012) om behovet for kompetanse blant personalet i barnehagen. I barnehagen møter ein mange tilsette med ulike formar for kulturell bagasje, utdanning, erfaringar, og liknande. Det personen har med seg frå før i den kulturelle bagasjen, vil påverka korleis vedkommande tenkjer og handlar i den aktuelle situasjonen. Dette inneber at kompetansen og kvaliteten vil variera frå barnehage til barnehage. Det å sikra felles kompetanse rundt born og samlivsbrot vert difor viktig (Størksen & Tveit, 2012).

I det neste kapitlet går eg inn på rytme i lys av steinerpedagogikken. Dette for å gje eit innblikk i kva rytme inneber i steinerpedagogikken, og kan gje eit bilete av korleis steinerbarnehagane kan vera gode støttespelarar i ein elles ny kvardag for desse borna. Eit brot hos foreldra medfører ei endring av kjente rytmar for borna, og denne endringa er

avhengig av at omsorgspersonane har kunnskap om borna sine behov for trygghet gjennom gode rytmar.

## 5. RYTME I LYS AV STEINERPEDAGOGIKKEN

---

I *Barna før skolealderen* står det skrive at det aller fyrste eit barn gjer når det vert føydd er å skrika og ta sitt fyrste andedrag. I byrjinga er pusten ganske urytmisk, mange små pust og så eit djupare. Etter kvart kjem denne pusten inn i ein viss rytme. For den vaksne er det 18 pust i minuttet medan det for spedbarnet er mykje raskare – men det vert regelmessig. Akkurat som pusten stemmer overeins med sin spesifikke rytme, kjem søvn og vaken tilstand etter kvart inn i eit visst skifte. For det fyrste søv og vaknar spedbarnet kontinuerleg døgeret rundt – men det er i endring. Barnet tilpassar seg dag og natt, er vaken på dagtid og søv om natta. Det vil sei at spedbarnet byrjar å fylgja rytmen som er mellom jorda og sola – fyrst og fremst som dag og natt, deretter og som sumar og vinter. Ein må for eksempel vere kledd annleis om sumaren enn om vinteren. Om sumaren kan ein bada, om vinteren kan du laga snømann. Årsskiftet vert og ein del av barnet sitt liv. Det viser at barnet – og også den vaksne – er utsett for visse rytmar som ein ikkje lett kan unnlata: innanding-utanding, dag-natt, sumar-vinter. Basert på desse observasjonane arbeider steinerpedagogikken mykje med det rytmiske prinsippet. Ein tenkjer at noko viktig for barnet vert møtt ved å skapa ein viss rytme i livet til barnet – at ting vert gjenteke kvar dag. Men rytmen er ikkje einspora. Ordet rytme inneber at det same vil skje igjen og igjen, men kvar gong litt annleis enn det var tidlegare (Madsen, 2006). Rytmane som er nemnt er alle observerbare. Steiner sa at det i menneskelivet er andre rytmar som ikkje er så enkle å sjå, men som likevel er, og dei påverkar mennesket på ulike måtar. At det er avgjerande for den vaksne å vere klar over nærværet av desse rytmane, slik at den vaksne har moglegheit for å samarbeida med kreftene som bur i det veksande mennesket og ikkje mot dei (Madsen, 2006).


Gjennom heile menneskelivet går ein 7-årig rytme, og denne rytmen er ein av bærebjelkane i steinerpedagogikken. I dei ulike 7-årsperiodane vert forskjellige ting utspelt i menneskelivet. Talet 7 skal ikkje tolkast som eit uttrykk for noko mystisk. Det er for eksempel eit kjent tilfelle at i løpet av 7 år erstattar mennesket alle celler, blodceller og i det heile tatt alt det fysiske stoff. I tillegg manifesterer slutten av dei to fyrste 7-årsperiodane seg i direkte fysiske fenomen: rundt 7 årsalder mister ein tenner, og rundt 14 årsalder oppstår den seksuelle modninga (Madsen, 2006).

I *lokal rammeplan for steinerbarnehagene* står det at steinerpedagogikken i barnehagealder kviler på tre sentrale grunnprinsipp som pregar alt arbeid som føregår i barnehagen. I alle tre grunnprinsippa er den vaksne si rolla og tilrettelegging samt evna til eigen utvikling og danning tillagt stor vekt.

Grunnprinsippa er:

- Førebilete og etterlikning som utgangspunkt for vaksenrolla
- Sansepleie som grunnlag for barnet si heilskaplege utvikling
- **Rytmar som grunnlag for forutsigbarheit, improvisasjon og trygghet**

Desse pedagogiske grunnprinsippa grip inn i kvarandre, og barnet og kan symboliserast slik:



(Steinerbarnehageforbundet, 2018; *Figur 1*. Steinerbarnehageforbundet, 2018, s. 8).

Rammeplanen skriv om rytme som ein veksling mellom to motsette kvalitetar eller aktivitetar som vert gjenteke i eit mønster. Steinerpedagogikken ser rytme som eit bærande prinsipp i alle livsprosessar, og mennesket kan sjåast på som ein rytmisk organisme som vekslar mellom inn- og utanding i ein rytmisk gang. Kunnskap om naturen sine rytmar vert slik eit pedagogisk verkemiddel i steinerbarnehagane. Born er i større grad enn vaksne avhengige av gjenkjennelege rytmar og rammer for å oppleve trygghet, sidan små born ikkje har utvikla abstrakt forståing og omgrep om tid. Rytme og gjentaking vert brukt heilt bevisst som pedagogiske verkemidlar for å skapa forutsigbarheit og ro, og som grunnlag for å kunna skapa gode vanar. Ein gjenkjenneleg rytme gjev og ei god ramme for improvisasjon og kreativitet gjennom moglegheita til å bryta med faste mønster og forventningar (Steinerbarnehageforbundet, 2018).

## 6. DRØFTING

---

Noko eg sakna gjennom arbeidet mitt med denne oppgåva, var mangel på forskning og litteratur om sorg hos born. Det som hovudsakleg dukka opp då eg søkte på dette, var sorg relatert til dødsfall. Av alt eg leste gjennom arbeidet mitt med oppgåva, var det bare ein artikkel av Størksen (2006) som nemnte ordet «sorg» som konsekvens ved samlivsbrot.

Slik det framgår i kapittel 2.2 – 2.8 (Størksen, 2009; Størksen, 2012; Hart & Schwartz, 2018; Størksen, 2007; Størksen 2008) fokuserer tilknytningsteori på varige, trygge relasjonar, separasjon, tap og korleis barnet og omsorgspersonen knyter seg til kvarandre ved at omsorgspersonen svarar på og handlar ut i frå behova barnet signaliserer. Born som vert møtt av trygge, gode og varme omsorgspersonar utviklar eit trygt tilknytingsmønster, medan born som opplever at det er tilfeldig når det vert møtt, kan utvikla ein utrygg tilknytning og kan føra til utrygge relasjonar til andre vaksne. Eit samlivsbrot medfører eit brot frå den eine av foreldra og kan forstyrre små born si tilknytning og tryggleikskjensle, då små born ofte ikkje har kognitive evner og kunnskap til å skjønna kva foreldra sitt samlivsbrot tyder. Borna kan då utvikla fantasiar som omhandlar at det er deira feil eller at barnet skal verta etterlatt av den av foreldra som ikkje er der, her og no. Eit godt og sensitivt samspel sikrar trygg tilknytning, medan eit samlivsbrot kan forstyrre den sensitive dialogen som barnet er avhengig av. Barnet kan verta utrygg på om omsorgspersonen er tilgjengeleg for å gje beskyttelse og trøyst når det treng det. Dette kan generaliserast til seinare relasjonar mellom born og andre vaksne. Det er difor avgjerande at vaksne i barnehagen arbeider for å styrka relasjonen, slik at barnet får kompensierende erfaringar som kan hjelpa barnet til ny tillit og trygghet. Trygge relasjonar er særleg avgjerande i dei tidlege barneåra, og då stadig fleire born oppheld seg store delar av dagen i barnehagen, får dei andre omsorgspersonar å forholde seg til enn bare den næraste familien. Ut i frå dette tolkar eg det slik at det er viktig med gode relasjonar til borna uavhengig av samlivsbrot eller ei, medan det er ekstra viktig om barnet opplev eit samlivsbrot. At ein gjennom førebyggjande relasjonsarbeid kan forhindra at barnet vert utrygg på sine omsorgspersonar. Om eit samlivsbrot kan føra til at barnet vert utrygt på om omsorgspersonen er tilgjengeleg og gjev det beskyttelse og trøyst når det treng det, meiner eg det er spesielt viktig at personale i barnehagen er ekstra sensitive og imøtekomande med borna som opplev dette. Eg tolkar det slik at om personale møter borna med kunnskap, omsorg, rom for kjensler og aksept, vil dette støtta borna i deira utvikling og leie dei framover. Medan personale med mangel på kunnskap og som ikkje har rom for dei sårbare

borna, kan vere med på å gjera borna meir utrygge i sine relasjonar og hemma utviklinga deira.

Slik det framgår i kapittel 2.1 (Dyregrov, u.å; Martinsen, 2010) er sorg ein normal reaksjon på tap. Eg tenkjer slik at ved eit samlivsbrot opplev barnet eit tap av ein forelder. Sjølv om dette mest sannsynleg ikkje vert for alltid, så vil det nok gjelda i periodar. Det er eit tap av ein familie, eit tap av trygkje rammer og eit tap av rytmar – og eit brot i tilknyttinga til omsorgspersonane sine. Då eg hadde vanskeleg for å finna fram til konkret litteratur på kva sorg hos born ved eit samlivsbrot er, tenkjer eg ut ifrå dei vanlege etterreaksjonane i sorga som er nemnt i kapitlet, og at sorg til dømes forårsakar kroppsleg smerte, er dei same etterreaksjonane som vert nemnt hos born som opplev samlivsbrot. Eg tolkar det slik at sorg ved eit dødsfall kan samanliknast med sorg ved eit samlivsbrot.

Slik det framgår i kapittel 4 (Størksen, 2008; Størksen, 2012; Hagestad & Herlofson, 2009; Gaysina, Sands & Thompson, 2017; Helsedirektoratet, 2019; Finsås, 2019; Størksen, 2006; Størksen, 2009) framgår det frå både norsk og internasjonal forskning at born som opplev samlivsbrot har auka risiko for ei rekkje psykososiale konsekvensar. Mange born vil visa ein eller anna form for direkte reaksjon ved eit samlivsbrot, anten kroppsleg, kjenslemessig eller åtferdsmessig. Det er gruppeskilnadar mellom born som har opplevd samlivsbrot og born som ikkje har opplevd samlivsbrot, der borna som har opplevd samlivsbrot har fleire psykososiale konsekvensar enn dei andre borna, og den største skilnaden er åtferdsproblem som blant anna meir utagering og antisosial åtferd. Det er ikkje store skilnadar i dei to gruppene, noko som sannsynlegvis kan forklarast ved at nokon born tener på foreldra sitt samlivsbrot og ei undergruppe av borna - slik eg tolkar det, borna frå «lågkonflikteteskap», viser ulike typar psykososiale problem relatert til brotet - også på sikt. Dess fleire stressfaktorar det er i forbindelse med brotet, dess vanskelegare er det for barnet. Medan få endringar og stressfaktorar er heldigare for barnet bae på kort og lang sikt. Langtidsverknadane på samlivsbrot er i fylgje forskning auka risiko for depresjon hos vaksne born, auka risiko for sjølv å verta skilt, lågare livskvalitet og dei endar ofte opp med lågare utdanning. Ut i frå dette tolkar eg det slik at dersom borna ikkje vert møtt av gode omsorgspersonar som tek vare på dei borna som handterer samlivsbrotet dårleg og ikkje har eit nettverk rundt seg som støttar dei, lettare heng bakpå, og eg tenkjer at konsekvensane av dette - som at dei gjer det dårlegare på skulen og sosialt, vert sjølvagte. Samanhengen mellom problem i skulesamanheng no og at mange endar opp med lågare utdanning seinare, verkar for meg



logisk at heng saman. Det verkar som konklusjonane er at dei fleste borna som opplev samlivsbrot vil handtera dette bra med den rette hjelpa, medan det er som nemnt tidlegare, slik eg forstår det, borna frå «lågkonflikteteskap» som får dei største psykososiale vanskane. Noko av interesse frå mi side, er dette Størksen (2009) skriv om at samlivsbrot er sterkare knytt til emosjonelle vanskar hos born dersom borna opplever eit brot i sine tidlegaste år. At born som opplevde samlivsbrotet før fylte 6 år viste fleire åtferdsproblem enn born av foreldre som skilte lag når borna var eldre - at samlivsbrot kan vera verre for yngre born enn for eldre born. Ut i frå eigen praksis der eg har erfart fleire born i barnehagealder som har opplevd samlivsbrot, merka eg stor åtferdsending hos alle borna. Mykje meir utagering, og ofte var det slik hos dei minste borna at den vaksne som tok i mot barnet på morgonen, var den eine vaksne barnet hadde tiltru til gjennom dagen. Borna eg har hatt med å gjere som har opplevd samlivsbrot har vore alt i frå 2 år til 5 år, og alle har reagert med åtferdsproblem, endring i tilknytninga si og etter mi meining – vore svært vare for endringar i rutinar.

Alle barnehagar har ei form for ein rutine i løpet av ein dag, ei veke, ein månad og i løpet av eit årsløp. Slik det framgår i kapittel 5 (Madsen, 2006; Steinerbarnehageforbundet, 2018) kviler steinerpedagogikken i barnehagealder på tre sosiale grunnprinsipp, der rytme som grunnlag for forutsigbarheit, improvisasjon og trygghet er ei av bærebjelkane i pedagogikken. Der rytme vert sett på som ein veksling mellom to motsette kvalitetar eller aktivitetar som vert gjenteke i eit mønster og mennesket vert sett på som ein rytmisk organisme som vekslar mellom inn- og utanding i ein rytmisk gang. At born, meir enn vaksne, er avhengige av gjenkjennelege rytmar og rammer for å oppleva trygghet, då små born ikkje har utvikla abstrakt tenking og omgrep om tid. Rytme og gjentakning vert i steinerbarnehagane brukt bevisst som eit pedagogisk verkemiddel for å skapa forutsigbarheit og ro, og som grunnlag for å kunna skapa gode vanar. Ved eit samlivsbrot har foreldra mange moglege måtar å løyse fordelinga av omsorga til barnet/borna på. Der borna til dømes er annakvar veke hos mor og far (eventuelt mor-mor, far-far), to veker hos mor og to veker hos far, eller fire veker hos mor og to veker hos far. Foreldra vel den løysinga som passar best for dei – etter mi meining vert det nokon gonger til det beste for borna, og ofte til det beste for foreldra. Korleis foreldra vel å fordela dette ansvaret på, vil uansett medføra eit varig brot i rytmen hos barnet. Eg tenkjer slik at mange born nok kjenner på denne vekslinga mellom ulike heimar og denne konstante vekslinga av rytmar som krevjande. Om dette er born som handterer samlivsbrotet dårleg, moglegvis born frå «lågkonflikteteskap», tenkjer eg dette kan verta ein stor utrygghet og utfordring i lang tid for borna. Medan denne rytmen sjølvsagt kan verta

tryggjande og til det positive for mange born. Ut ifrå dette tenkjer er at gode rytmar i barnehagen er ekstra viktige å halda ved like for born som opplev samlivsbrot. Eg kan tenkja slik at eit samlivsbrot hos foreldra er eit brot i rytmen hos barnet, og ved at barnehagen vert sett på som den stødige faste hos barnet, kan dette i seg sjølv gjera denne vanskelege hendinga som eit samlivsbrot jo er, kvardagen litt mindre utrygg for barnet.

Slik det framgår i kapittel 3 (Bergem, 2018) er barnet heilt avhengig av vaksne omsorgspersonar som er i stand til å møta barnet sine behov for å få ei normal utvikling. Dei aller minste borna utviklar seg mykje og raskt, og det aller viktigaste i desse åra i følge Bergem (2018), er at oppvekstvilkåra ligg til rette for trygg tilknytning. Behovet for tilknytning, regulering og spegling må dekkjast i tilstrekkeleg grad for at barnet skal vera i stand til å handtera utfordringar. Verbal kommunikasjon med born på ein måte som gjev mening kan vera utfordrande i dei fyrste leveåra, men sjølv om så små born ikkje skjønar ord og omgrep, oppfattar dei i aller høgste grad kroppsspråk, kjensleuttrykk og stemningar hos foreldra og vil på sin måte skjønna at noko er gale om familien vert råka av ei krise. At ein pratar med borna og at det vert forklart kva som skjer er av stor betydning, sjølv om barnet ikkje nødvendigvis skjønar alt som vert sagt. Borna vil kjenna trygghet ved at dei vaksne formidlar ro og tryggleik. Born trivst best med rutinar og forutsigbarheit, og dess yngre borna er, dess meir konkret informasjon treng dei. Born i barnehagealder kan ha mange spørsmål av konkret art som det er viktig at dei får svar på når dei spør. Dette hjelper borna til å få ein samanheng og eit språk i det som skjer, og kan gje betre føresetnader for å meistra situasjonen.

Ut i frå dette vert denne oppgåva sitt fokus på verdien av god tilknytning underbygd endå ytterligare (forsterka). Eg ser det slik at det er ein samanheng mellom god tilknytning, god kommunikasjon og gode rytmar og rutinar. Om borna frå dei såkalla «lågkonflikteteskap» er dei som utgjer risikograppa blant borna som opplever samlivsbrot, tenkjer eg kommunikasjonen med borna kan vera av stor betydning. Det er viktig at borna får bekrefta at det som skjer mellom foreldra ikkje er barnet sin feil, det er viktig å få vita kva som skjer slik at usikkerheita kan verta litt mindre, og at dei vaksne held på rutinane og rytmane så langt det let seg gjera. Etter eigen erfaring verkar det som mange foreldre tenkjer at dei aller minste borna ikkje skjønar eller får med seg det som skjer, men slik eg ser det, og slik det framgår i teorien, gjer dei det i aller høgste grad. Min erfaring er at sjølv dei aller minste i barnehagen får med seg det meste. Eg tenkjer slik at sidan dei framleis ikkje har utvikla det verbale språket og kommuniserer på ein annan måte enn eldre born og vaksne, er dei ekstra vare på sinnsstemningar, toneleie og kroppsspråk hos dei vaksne. Når foreldra skil lag, merkar jo dei

minste borna at den eine av foreldra ikkje er til stades som tidlegare. Det vert eit brot i den daglege rytmen og rutinen som borna tidlegare har hatt, og eit brot i tilknytninga hos foreldra.

Slik det framgår i kapittel 4.1 (Størksen, 2008; Størksen & Tveit, 2012) har ulike foreldrestil noko å seie for tilknytninga til borna, der foreldra i stabile forhold klarar å praktisera ein meir positiv foreldrestil enn foreldre som har opplevd eit samlivsbrot. Grunna dette vert det viktig at andre omsorgspersonar rundt barnet, som til dømes personale i barnehagen, viser varme og emosjonell tilgjengelegheit ovanfor barnet som opplever samlivsbrot. Relasjonar til personell i barnehagen kan verka kompensierende når born opplev vanskelege relasjonar i heimen. Det er viktig at omsorgspersonane rundt barnet er merksame på endra åtferd og ulike reaksjonar hos barnet i forbindelse med samlivsbrotet, og at personalet forsøker å leggja til rette for at barnet skal få uttrykkja vanskelege tankar og kjensler på ulike måtar. Størksen (2008) sin anbefaling er: meir av det same. At personale i barnehagen gjer meir av det dei vanlegvis gjer. At personalet i barnehagen set av ekstra til for nærleik og omsorg. Eg stiller meg litt undrande til oppmodinga til Størksen (2008) om å gjere meir av det same. Eg synest denne vert litt for «enkel». For at ein i barnehagen skal kunna gjere meir av det same, lyt ein ha kompetanse hos personale. Kompetanse om barnet, om god tilknytning og om rytmar – og helst om korleis borna kan verta påverka når dei vert råka av eit samlivsbrot. Likevel tenkjer eg rytmen og rutinane i steinerbarnehagen støttar godt opp under Størksen sitt råd om å gjere meir av det same. Slik mi oppfatning er, og slik det framgår i kapitlet (Størksen & Tveit, 2012) har norske barnehagar behov for rettleiing og råd for å støtta små born som opplev samlivsbrot. Blant personale i ein barnehage møter ein mange tilsette med ulike former for kulturell bagasje, utdanning, erfaringar, og liknande som vil påverka korleis vedkommande tenkjer og handlar i den aktuelle situasjonen. Dette betyr at kompetansen og kvaliteten hos personale vil variera frå barnehage til barnehage. Å sikra ein felles kompetanse rundt born og samlivsbrot vert difor viktig. Ein skal ikkje ta alle under ein kam, og det er allereie blitt nokre år sidan Størksen og Tveit (2012) skreiv artikkelen om små born og samlivsbrot, så kompetansen i fleire barnehagar kringom i Noreg har forhåpentlegvis auka. Men på tross av dette er erfaringa mi at det framleis er for lite kompetanse på dette området i mange barnehagar. Eg tenkjer at den kulturelle bagasjen hos personale har mykje å seie, medan utdanning er nykkelen til kunnskap. Ein veks alle opp i ulike heimar, med ulike foreldre og foreldrestilar, med ulike omsorgspersonar, i ulike miljø og liknande, og eg merkar sjølv at eg oppdrar born på nokolunde same måte som eg sjølv vart oppdregen. Medan kunnskap om born, tilknytningsteori og utvikling ser eg born på ein anna måte enn tidlegare. Ein vert meir bevisst

sine val på kvifor ein gjer som ein gjer, og ein har lettare for å fanga opp signaler frå borna og endringar i åtferd som ikkje «høyrer heime».

## 7. AVSLUTNING

---

Gjennom problemstillinga mi: «*Korleis kan me forstå sorg hos born som opplever samlivsbrot mellom foreldre, og korleis kan barnehagen vera til støtte og hjelp?*» har eg i teoridelen arbeidd meg igjennom tema som: tilknytning, sorg, kven «barnet» er, konsekvensar av samlivsbrot, korleis barnehagen kan vera til støtte og hjelp, og rytme i lys av steinerpedagogikken. Viktigheita av god relasjonsbygging, trygge og gode omsorgspersonar, gode rytmar, god kommunikasjon og kunnskap hos personale i barnehagen er tema som går igjen i oppgåva mi.

Sorg er ein normal reaksjon på tap. Ved eit samlivsbrot opplev barnet eit tap av ein forelder. Sjølv om den eine av omsorgspersonane ikkje vert vekke for alltid, så vil dei mest sannsynleg verta vekke i periodar og borna vert råka av eit tap av ein familie, ein ny kvardag, nye rytmar og nye rammer. Dei får eit brot i tilknytninga til omsorgspersonane. Ved førebyggjande relasjonsarbeid kan ein forhindra at barnet vert utrygg på sine omsorgspersonar. Dei fleste borna som opplev samlivsbrot vil handtera dette bra med den rette hjelpa, medan borna frå dei såkalla «lågkonflikteskapa» får dei største psykososiale konsekvensane – og eit samlivsbrot kan vera verre for yngre born enn for eldre born. Eit samlivsbrot medfører endring i rytmane og rutine hos borna, og hos dei utsette borna kan dette medføra ei stor påkjenning som kan vara i lang tid. Gode rytmar i barnehagen er ekstra viktige å halda ved like for born som opplev samlivsbrot – ved at barnehagen vert sett på som den stødige faste hos barnet, kan dette i seg sjølv gjera kvardagen litt mindre utrygg for barnet. Det er av stor betydning at borna får bekrefta at det som skjer mellom foreldra ikkje er barnet sin feil, og at barnet vert forklart kvifor ting skjer og kva som kjem til å skje framover er viktig. Sidan teorien eg har brukt om korleis barnehagen kan vera til støtte og hjelp er blitt nokon år gamal, håpar eg kunnskapen om born og samlivsbrot blant personale i barnehagen har auka – kunnskap om born, tilknytningsteori, utvikling og rytmar. Medan oppfatninga mi er at det framleis er for lite kunnskap om dette emnet. Eg meiner det trengst meir presis forskning for å kunna møte forskinga i praksis i barnehagen.

Eit spørsmål eg har stilt meg sjølv gjennom denne oppgåva er; Kvifor er det ikkje fokusert konkret forskning (eventuelt meir forskning) på born, sorg og samlivsbrot, når så mange born opplev at foreldra skil lag i løpet av eit år?

## 7.1 KONKLUSJON

---

Problemstillinga mi i denne oppgåva var:

*Korleis kan me forstå sorg hos born som opplever samlivsbrot mellom foreldre, og korleis kan barnehagen vera til støtte og hjelp?*

Svaret mitt er: Sorg er noko som er individuelt hos kvart enkelt menneske. Ingen reagerer og handterer vanskelege ting på same måte. Ikkje alle born opplever foreldra sitt samlivsbrot som ei sorg, men heller som det motsette. Ved at foreldre og personale i barnehagen har meir kunnskap om born i sorg, kunnskap på korleis mange born reagerer og kan reagere ved eit samlivsbrot og korleis tilknytning, omsorg og rytme er viktige for handtering av dette vanskelege som eit samlivsbrot er, meiner eg me kan vera med å førebyggja og gjera livet «her og no» og vegen vidare mykje betre for borna. At personale i barnehagen skapar rom for desse borna som har det vanskeleg, møter dei med forståing og omsorg, og fortset med rytmane og rutinane som dei stødige faste. Me hjelp borna å omarbeida sorga og fortvilninga på ein ordentleg og god måte, og kan gje dei gode føresetnader for å takla livet vidare.

## 8. KJELDER

---

- Barne, ungdoms- og familiedirektoratet. (2019, 25. november). Barn og samlivsbrudd. Henta frå [https://bufdir.no/Statistikk\\_og\\_analyse/Oppvekst/Familie\\_omsorg\\_og\\_relasjoner/Barn\\_og\\_samlivsbrudd/](https://bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Oppvekst/Familie_omsorg_og_relasjoner/Barn_og_samlivsbrudd/)
- Bergem, A. K. (2018). *Når barn er pårørende*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Dyregrov, Atle. (u.å). Om sorg og vanlige etterreaksjoner. Henta 18. april 2020 frå <https://krisepsykologi.no/informasjon/informasjon-og-rad/sorg-og-etterreaksjoner/>
- Emde, R., N. (2017, 08. mai). Remembering Daniel Stern (1934-2012): A Legacy for 21<sup>st</sup> Century Psychoanalytic Thinking and Practice. Henta frå <https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/07351690.2017.1299481>
- Finsås, T. (2019, 01. april). Er samlivsbrudd skadelig for barna? Henta frå [https://bufdir.no/Familie/Familievernet/Det\\_beste\\_for\\_barnet\\_etter\\_brudd/Er\\_samlivsbrudd\\_skadelig\\_for\\_barna/](https://bufdir.no/Familie/Familievernet/Det_beste_for_barnet_etter_brudd/Er_samlivsbrudd_skadelig_for_barna/)
- Furnes, B. & Martinsen, K. (2010). Ulike perspektiver på sorg og følger for omsorg og hjelp. *Michael*, 2010(7), 270-281. Henta frå <https://www.michaeljournal.no/asset/pdf/2010/2-270-81.pdf>
- Gaysina, D., Sands, A. & Thompson, J. E. (2017). *Long-term Influences of Parental Divorce on Offspring Affective Disorders: A Systematic Review and Meta-Analysis*. Henta frå [https://pubmed.ncbi.nlm.nih.gov/28463711-long-term-influences-of-parental-divorce-on-offspring-affective-disorders-a-systematic-review-and-meta-analysis/?from\\_term=Divorced%20parents%20childhood&from\\_pos=2&fbclid=IwAR2-VfV9S35COJGibBiVTRP3MlxFlpCN-62olSY7OSIKkNzfanC5dH0JN3k](https://pubmed.ncbi.nlm.nih.gov/28463711-long-term-influences-of-parental-divorce-on-offspring-affective-disorders-a-systematic-review-and-meta-analysis/?from_term=Divorced%20parents%20childhood&from_pos=2&fbclid=IwAR2-VfV9S35COJGibBiVTRP3MlxFlpCN-62olSY7OSIKkNzfanC5dH0JN3k)
- Hagestad, G. O. & Herlofson, K. (2009). Forholdet mellom skilte foreldre og barn. *God relasjon? Det spørs hvem som spørres*. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/god-relasjon-det-sporer-hvem-som-sporres>
- Hart, S. & Schwartz, R. (2018). *Fra interaksjon til relasjon - Tilknytning hos Winnicott, Bowlby, Stern, Schore og Fonagy*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Helsedirektoratet. (2019, 31.01). Samlivsbrudd og skilsmisse. Henta frå <https://helsenorge.no/sex-og-samliv/samlivsbrudd-og-skilsmisse>

<https://forskning.no/sosiale-relasjoner-psykologi-universitetet-i-stavanger/kva-gjer-ei-skilsmisse-med-barnas-psykiske-helse/1015028>

<https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/185254>

<https://utdanningsforskning.no/artikler/sma-barn-og-samlivsbrudd-symptomer-og-tiltak/>

- Madsen, T. (2006). *Barnet før skolealderen* (5. utg.). Danmark: Elba Books
- Steinerbarnehageforbundet. (2018). *Lokal rammeplan for Steinerbarnehagene*. Henta frå <https://steinerbarnehagene.no/lokal-rammeplan-for-steinerbarnehagene>
- Størksen, I. (2006). *Psykososiale konsekvenser blant barn og ungdom ved samlivsbrudd* (Barn i Norge årsrapport s. 35-43). Henta frå <https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/185252>
- Størksen, I. (2007). *Barnet i barnehagen: Relasjoners betydning for tidlig utvikling. Barna våre – i går, i dag, i morgen*. Oslo: Frelsesarmeen. Henta frå <https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/185248>
- Størksen, I. (2008). Hva kan barnehagen bidra med til barn som har opplevd samlivsbrudd? *Spesialpedagogikk*, 73(2), 44-50. Henta frå
- Størksen, I. (2009). Kan foreldres samlivsbrudd påvirke små barns tilpasning og tilknytning?: Presentasjon av nasjonal og internasjonal forskning og et pågående norsk forsknings- og utviklingsprosjekt. *Impuls-tidsskrift for psykologi* 63(2), 68-77. Henta frå <https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/185246>
- Størksen, I. (2012). *Barn og samlivsbrudd - veileder for ansatte i barnehagen*. Universitetet i Stavanger: Senter for atferdsforskning.
- Størksen, I., Tveit, H. S. (2012, 06. april). Små barn og samlivsbrudd – symptomer og tiltak. Henta frå
- Universitetet i Stavanger. (2016). *Ingunn Størksen*. Henta frå <https://www.uis.no/forskning/barnehage/agderprosjektet/medarbeidere/ingunn-storksen-article88942-14317.html>